



Ordføreren lyser ut julekortkonkurranse. Her ser vi han talar på avslutningsfest for kultursjef Kristian Bringedal i juni.

Ordførar Peder Sjo Slettebø er inspirert av statsminister Erna Solberg sin julekortkonkurranse. I fjor vart som kjent eit nydeleg foto med vintermotiv frå Fjellandsbø valt ut som statsministeren sitt julekort. Uskedelingen Inga Tveito var meister for det, og no inviterer ordføreren alle hobbyfotografar til liknande konkurranse med følgjande brev:

Juletida nærmar seg, og kvart år sender ordføreren ut mange julekort til både fjern og nær. I fjor lyste statsminister Erna Solberg ut ein julekortkonkurranse der folk frå heile landet deltok, og vinnaren vart Inga Tveito med eit flott motiv frå Uskedalen. Dette synes eg var inspirerende, og rundt i heile Kvinnherad er det svært mange dyktige hobbyfotografar som har teke mange flotte bilete av den storslåtte kvinnherske naturen. Eg vil difor i år lysa ut ein lokal konkurranse, der vi bed innbyggjarane senda inn bilete dei har teke. Så vil vi trekka ein vinnar som skal pryda alle Kvinnherad kommune sine offisielle julekort i 2016. Den som vinn får navnet på kortet, og vinn også eit gåvekort på Husnes storsenter.

For å senda inn bilete må følgjande vera oppfylt:

- Biletet skal ha motiv med julestemning
- Biletet skal vera fotografert i Kvinnherad
- Biletet skal i hovudsak ha natur og bygder som motiv

Forslag vert å senda til post@kvinnherad.kommune.no. Merk e-post med «Julekort 2016». Oppgje navn og kontakinfo.

Vinnaren vert trekt på ordføreren sitt kontor den 1. november.

Med helsing

Peder Sjo Slettebø
Ordfører
Kvinnherad kommune.

Arkivfoto og nett: Thor Inge Døsland